



Bergen og Omland Friluftsråd  
Hellebakken 45  
5039 BERGEN

Dato: 17.12.2014  
Vår ref.: 2014/20396-30  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Viser til vedlagte samarbeidsavtale om kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunar 2014-2017.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i høyringsforslag til Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og versatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018. Då vert denne kartlegginga

ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til sikring av friluftsområder. I 2008 vart det i Hordaland gjennomført ei kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområder i alle kommunane. Desse data skal implementerast i Naturbasen.no. Denne gongen er fokus sett på friluftsområder i nærmiljøet.

I juni 2014 lyste Miljødirektoratet ut ei tilskotsordning for fylkeskommunane knytta til kartlegging og verdsetting av friluftsområder med ei ramme på kr. 3,2 mill. Det vart stilt krav om 50% eigne ressursar frå fylke og kommunar. Hordaland fylkeskommune bidreg med kr 250.000,- og vart i tilsegnsbrev av 19.9 2014 tildelt kr 400.000,- frå Miljødirektoratet. Kommunane hadde søknadsfrist 12.11 til Hordaland fylkeskommune, og det kom inn 9 søknadar. Alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot.

Kultur og ressursutvalet tildelte i møte 2.12.2014 følgjande til dykkar medlemskommunar som ønskjer hjelp til lokal prosjektleiar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder:

Fjell kommune	kr 35 000
Os Kommune	kr 60 000
Lindås kommune	kr 60 000
Osterøy kommune	kr 60 000
Meland kommune	kr 40 000
Tysnes kommune	kr 10 000
<b>6 kommunar</b>	<b>kr 265 000</b>

75% av midlane vert etter avtale overført til Bergen og Omland friluftsråd ved oppstart, dvs. kr. 200.000,- for å vere lokal prosjektleiar med ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med M98-13 med oppfølging av arbeidsgruppe og referansegruppe, og har ansvar for rapportskriving og implementering av data i Naturbase.no. Innan 1. mars 2015 skal de sende ein rapport til Hordaland fylkeskommune om status og framdrift i kor langt kommunane har kome med arbeidet Dette og rolla som prosjektleiar er nærmare skildra i vedlagte avtale. 25% av tilskotet vert utbetalt ved ferdigstilling av arbeidet, dvs kr. 65.000,-.

For 2015 har Miljødirektoratet avsett kr. 5 mill. til denne ordninga. For å dekke opp kravet om 50% eigenandel har Hordaland fylkeskommune avsett kr. 428.000,- til kartlegging og verdisetting av friluftsområder i 2015. Fristen for kommunane å søke fylkeskommunen vert 15. februar 2015. Friluftsråd kan også søke på vegne av kommunar og me oppmodar at de motiverer dykkar medlemmar til å ta del i dette viktige arbeidet.

Lukke til vidare med dykkar gode arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*